



ÅRSRAPPORT 2005
UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITSKAP

INNHALD

ARBEIDET VED UNIVERSITETET I 2005	4
PRESENTASJON AV UTVALDE SAKER	
NOREGS LEVANDE UNIVERSITET – OM NY VISUELL PROFIL OG MERKEVAREBYGGING	6
GOD KJEMI MED ARBEIDSLIVET	8
PÅVISER TURBO-PROTEIN	10
TRADISJON OG KULTUR ER VIKTIG FOR MATOPPLEVINGA	12
KRONPRINSEN OPNA NOREGS NYASTE UNIVERSITET	13
STYRINGSORGAN OG ADMINISTRASJON	
UNIVERSITETSSTYRET 2005	14
ORGANISASJONSKART	16
ÅRSMELDING FRÅ STYRET	
UNDERVISNING	18
FORSKING	22
FORMIDLING	26
STYRINGA AV INSTITUSJONEN	28
PERSONALSITUASJONEN	30
HELSE, MILJØ OG SIKKERHET	32
BYGG OG TEKNISKE ANLEGG	32
MILJØSPØRSMÅL	33
REKNESKAP 2005	36
REKNESKAPSPRINSIPP	49
RESULTATET AV EKSTERNT FINANSIERT VERKSEMD	50
RESULTATDISPONERING	50
TILDELTE DOKTORGRADAR 2005	52
ADRESSER	56
SUMMARY IN ENGLISH	60

ARBEIDET VED UNIVERSITETET I 2005

”Mat – natur – helse” er dei tre hovudorda for verksemda ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Strategisk plan 2005 – 2008 har følgjande overordna visjon og mål:

”Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) skal gjennom utdanning og forskning medverke til å sikre livsgrunnlaget for noverande og komande generasjonar.

- UMB skal vere ein sentral aktør innanfor miljø- og biovitenskapane, med vekt på kjerneområda; biologi, mat, miljø, areal- og naturressursforvaltning, med tilhøyrande estetiske og teknologiske fag.
- UMB skal aktivt medverke til næringsutvikling, og vidareutvikle det vitenskaplege fundamentet for landbruk, akvakultur og andre biobaserte næringer.”

Frå og med 1. januar 2005 har UMB hatt

status som universitet. Dette er ei viktig strategisk endring. Akkrediteringa dokumenterer akademisk tyngde, og stadfestar at samfunnsoppdraget universitetet har innanfor forskning og utdanning no inkluderer ei rekkje fagområde i tillegg til dei tradisjonelle landbruksfaga.

HOVUDPRIORITERINGAR

Universitetet vil spesielt trekkje fram følgjande hovudprioriteringar i åra som kjem:

UTDANNING

UMB utdannar kandidatar som skal tilføre

samfunnet nye kunnskapar på universitetets fagområde, og medverke til berekraftig utvikling. Utdanninga har eit tydelig internasjonalt perspektiv. UMB skal også medverke til livslang læring og kompetanseheving i nærings- og samfunnsliv.

Innanfor dagens ramme står UMB over for følgjande sentrale utfordringar:


- Sikre at utdanninga held eit fagleg nivå på høgde med dei beste universiteta internasjonalt
- Revidere tilbodet av studieprogram med tanke på studentopptaket i 2007
- Auke studenttalet på Campus frå dagens 2800 til ca. 3000 i løpet av den strategiske planperioden, samt å få fleire primærskolar til studieprogramma
- Auke breidda i studietilbodet ved å bygge på, og utvide eksisterande fagmiljø
- Vidareutvikle og styrkje læringsmiljøet, mellom anna gjennom eit nytt læringssenter
- Auke talet på utvekslingsstudentar
- Setje Strategien for studentlivet ved UMB for perioden 2006–2010 ut i livet

FORSKING

Innanfor sine kjerneområde skal UMB vere i forskningsfronten, og aktivt stimulere til tverrvitenskapleg forskning innanfor mat, natur og helse. Universitetet skal profilere seg gjennom internasjonalt anerkjende forskargrupper.

Sentrale utfordringar:

- Støtte arbeidet i dei beste forskingsmiljøa, og leggje tilhøva til rette for utvikling av nye senter for framstående forskning og forskingsdriven innovasjon, når UMB får tildelt slike
- Arbeide aktivt for å realisere UMBs helsesatsing



- Utarbeide eit tenleg kvalitetssikrings-system for forskingsverksemda som dei tilsette sluttar opp om
- Konkretisere og utdjupe forskingssamarbeidet mot Nord-Amerika, primært University of Minnesota
- Sikre at UMB leverer forskingsresultat som medverkar til vekst og utvikling i norsk landbruk og matproduksjon. Forskinga skal identifisere og foredle naturgjevne konkurransefortrinn i norsk bioproduksjon.

UMBS SAMFUNNSROLLE, RANDSONEVERKSEMD OG INNOVASJON

Saman med randsonestitusjonar på Campus Ås, og samarbeidsinstitusjonar i Norden og internasjonalt, skal UMB tilføre norsk høgare utdanning og forskning ein unik kombinasjon av teoretiske studiar, og anvendt utdanning og forskning innanfor universitetets fagområde.

UMB har nært samarbeid med randsonestitutta. Saman med universitetet utgjer dei ei av Noregs største forskingsklynger. Institusjonane i Ås, inkludert UMB, skal i budsjettperioden vidareføre ein tydelige næringslivsprofil gjennom fellestiltak, mellom anna UMBs Technology Transfer Office (TTO), og Biopolis-samarbeidet som omfattar kommersialisering, lisensiering, næringslivsetableringar, og anna samarbeid med næringslivet.

Sentrale utfordringar:

- Oppretthalde satsinga på randsoneverk-

semda gjennom aktive forskargrupper mellom universitetet og campus-institutta

- Leggje vekt på innovasjon og entreprenørskap, og medverke til kommersialisering av forskingsresultat med potensial for verdiskaping
- Saman med det øvrige forskingsmiljøet i Ås skal UMB arbeide for at næringslivet får tilgang på såkornmidlar for å starte opp ny forskingsbasert verksemd

UNIVERSITETSPROFILERING

Den høiere Landbrugsskole paa Aas starta opp i 1859. Institusjonen har utvikla seg mykje fram mot akkreditering som universitet i 2005. Dei siste tiåra har vi mellom anna utvikla forskning og utdanning på ei rekkje nye fagområde. Og eit aktivt universitet treng ein levande logo. Som i 1859 utgjer «livet» stadig kjernen i verksemda. Difor byggjer UMBs nye visuelle identitet på dette særtrekket.

Akademisk posisjon manifesterer seg på mange måtar. Interesserte, engasjerte og dyktige studentar sikrar universitetet vekst og utvikling. Kompetente kandidatar som det er behov for i samfunnet gjev universitetet posisjon som samfunnsinstitusjon. Dyktige forskarar og god resultatformidling fornyar interessa for faga. Det nye grafiske uttrykket vårt skal også vere med på å vise akademisk tyngde. Ei god visuell uttrykksform speglar velorganisert og effektiv verksemd. Dei komande åra skal publikum kjenna att, og festa seg ved UMBs nye visuelle profil. Rett og konsekvent bruk av profilen skal byggje opp

den nye merkevara vår – ”Universitetet for miljø- og biovitenskap – det levande universitetet”.

REHABILITERING AV BYGNINGAR

Fjorårets vedtak om løyving til oppstart av rehabilitering av bygningsmassen ved UMB var svært gledelege. Bygningar og tekniske anlegg har eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald, både i høve til dagens lover og forskrifter, og opp mot det studentane ventar å finne ved ein moderne studiestad. Våren 2002 laga Statsbygg ein tilstandsrapport som viser investeringsbehov på ca. 750 mill. kroner. Vel 60 prosent av dette gjeld alvorlege tilhøve som burde vore utbetra innan 2006/2007.

UMB meiner saka no utviklar seg på ein sær positiv måte. Detaljprosjektering for bygningen Sørhellinga er sett i gang. Med dei løyvingane som er gjeve kan rehabiliteringa starte hausten 2006. UMB reknar med nye løyvingar slik at prosjektet kan slutførast. Forprosjektet for neste prioriterte bygning, Urbygningen, går etter planen, og vert ferdig i april 2006.

OMSTILLINGSPROGRAM

Ei framtidretta utvikling krev kontinuerleg omstilling av ressursbruken. UMB har gjennomført betydelege endringar dei siste åra. Mellom anna avslutta vi eit strukturert program i 2005. Omstillingsarbeidet skal evaluerast i løpet av 2006, og tenlege mekanismar for kontinuerleg omstilling skal vedtakast i 2007.



Knut Hove
Rektor



Nils Dugstad
Administrerende direktør

NY PROFIL FOR NOREGS LEVANDE UNIVERSITET

Universitetet for miljø- og biovitenskap har fått ny profil og logo. Her i Ås er "liv" fellesnemnaren for utdanning og forskning. Det er dette særtrekket som vert framheva i den nye logoen.



Den høiere Landbrugsskole paa Aas starta opp i 1859. Frå 1. januar 2005 fekk institusjonen universitetsstatusen og nytt namn. Denne prosessen har vore langt meir omfattande enn fancy namnebyte på "høgskolen" som driv med det same som før. Universitetet for miljø- og biovitenskap har endra seg gradvis dei siste tiåra, og ei rekkje nye fagområde har kome til.



Bak den nye profilen ligg det eit omfattande arbeid. Universitetsstyret vedtok i 2004 ein ny strategisk plan. Visjonen vår er: "Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) skal gjennom utdanning og forskning medverke til å sikre livsgrunnlaget for noveranda og komande generasjonar." Den visuelle profilen skal først og fremst byggje opp under dei langsiktige måla for universitetet. Derfor er det ikkje tilfeldig at visjonen om å sikre livsgrunnlaget la føringar for valet av visuelt uttrykk.



Den nye logoen viser at UMB er det "levande" universitetet. Ein sentral del av logoen er eit symbol (eit biogram) som er i stadig rørsle, og som utviklar seg frå dag til dag. Nullpunktet for symbolet er etableringsdatoen, 1. oktober 1859. Seinare har kvar



dag sitt eige biogram. Symbolet er basert på eit grunnmønster av 21 punkt. Kwart punkt vil vekse, minke eller stå stille, og dette skjer i 7 fasar frå det minste punktet til det største. Kvar dag får dermed sin eigen logo og sitt eige biogram.


Når UMB skal ha eit biogram for kvar dag institusjonen har eksistert, er det behov for mange variantar, så langt ca. 54 000. På nettsida <http://biogram.umb.no> kan alle lage og laste ned sin personlege UMB-logo. Alt du treng er å tasta inn ein bestemt dato. Så vidt vi kjenner til er ingen andre universitet eller høgskolar som har ein slik logo, korkje i Noreg eller i utlandet.

UMB har hatt dyktige samarbeidspartnerar i dette arbeidet. Kreativ leiar i Tangram Design, Bjørn Rybakken, er hovudmannen bak den nye visuelle identiteten. Han står bak identiteten til ei rekke kjende merkevarer. I 2004 fekk han Norsk Designråds klassikarpris for logoen til Norsk Tipping. Også fleire tilsette og studentar ved universitetet har spelt ei viktig rolle i arbeidet. I tillegg har vi brukt Norsk Designråd som rådgjevar i prosessen.




01-10-1859

DEN HØIERE LANDBRUGSSKOLE
PÅ AAS ETABLERES



05-09-1864

UNIVERSITETETS TUNTRE
PLANTES




22-05-1897

LOV OM NLH VEDTAS AV
STORTINGET




13-02-1901

URBYGNINGEN INNVIES




27-10-1902

NLH'S IDRETTSKLAG STIFTES



01-10-1909

50-ÅRS JUBILEUM



18-07-1919

NLH KAN TILDELE DOKTOR-
GRAD OG ÆRESDOKTORAT



15-02-1924

UKA I ÅS GJENNOMFØRES
FØRSTE GANG



01-07-1955

STUDENTSAMSKIPNADEN I
ÅS OPPRETTES



01-10-1959

100-ÅRS JUBILEUM




20-08-1970

DR. NORMAN E. BORLAUG
TILDELES ÆRESDOKTORAT




19-09-1997

DR. WANGARI MATAI TILDE-
LES ÆRESDOKTORAT




10-12-2004

NLH GODKJENNES SOM
UNIVERSITET




01-01-2005

UNIVERSITETET FOR MILJØ-
OG BIOVITENSKAP OPPRETTES



16-06-2005

DESIGNER B. RYBAKKENS FORSLAG
TIL BIOGRAM OG LOGO VEDTAS



01-01-2006

UMB LANSERER NY VISUELL
PROFIL

GOD KJEMI MED ARBEIDSLIVET

Camilla Bjørnstad Eriksen er nettopp ferdig med hovudfag i kjemi ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Ho har allereie fått ein spanande jobb hos det anerkjende selskapet Waters. Ein engasjert førelesar har noko av æra.



FOTO: INGRAM IMAGE LIBRARY

BROMERTE FLAMMEHEMMARAR: Er kjemiske stoff som vert nytta i veldig mange ting vi omgjer oss med til dagleg, til dømes bilar, datamaskiner og kle, for å førebyggje brann.

Camilla er eit døme på at det kan løne seg å studere realfag. Kompetansen er etterspurd på arbeidsmarknaden. Som regel er det ikkje noko problem å skaffe seg jobb.

SPANANDE STUDIUM AV FARLEGE STOFF

Camilla har teke hovudfag på bromerte flammehemmarar. Dette er kjemiske stoff som vert nytta i veldig mange ting vi omgjer oss med til dagleg, til dømes bilar, datamaskiner og tekstilar, for å førebyggje brann. Det er forska relativt lite på kva skadeeffektar bromerte flammehemmarar kan ha. Truleg kan dei kan påverke stoffskiftet hjå menneske.

Undersøkingar viser også at langvarig eksponering kan føre til leverskadar, og forstyrre funksjonar i hormonsystema. I tillegg er desse stoffa svært skadelege for naturen. Det er ingen som har full oversikt over førekomsten av bromerte flammehemmarar. Dei vert brotne ned svært sakte, og kan fraktast over lange avstandar.

- Bromerte flammehemmarar er spanande fordi det er ei problemstilling det vert snakka mykje om, seier Camilla.

I hovudoppgåva si har Camilla arbeidd mykje med å finne ein effektiv analysemetode for å identifisere og kvantifisere bromerte flammehemmarar i miljøet. Ho har nytta gasskromatografi massespektrometri (GC-MS).

- Det som har vore mest lærerikt og utfordrande er å utvikle ein analysemetode frå grunnen av. I

prinsippet kunne eg ha arbeidd med kva stoff som helst.

INSPIRERT AV ENGASJERT FØRELESAR

Camilla hadde egentleg tenkt å studere biologi då ho starta ved UMB. Men planane vart endra. Førsteamanuensis Dag Ekeberg oppfordra henne til å satse på kjemi. Han har også vore hovudoppgave-rettleiaren hennar.

- Eg har nok fått meir oppfølging enn dei fleste andre studentar. Rettleiaren min har dessutan teke meg med på fleire seminar og kurs. Eg har lært mykje, og fått mange kontaktar. Generelt har eg inntrykk av at studentane ved UMB får betre oppfølging enn ved dei større utdanningsinstitusjonane.

Det var også Dag Ekeberg som inspirerte Camilla og ein annan hovudfagsstudent til å satse på bromerte flammehemmarar som emne for hovudoppgåva. I analysane nytta Camilla eit massespektrometer. Dette er eit instrumentet som identifiserer ulike molekylar. Og no har ho fått seg ein jobb der ho skal reparere, og utføre service på slike instrument. Arbeidet med massespektrometeret gjorde at ho måtte setja seg svært godt inn i korleis det fungerer.

- På jobbintervjuet hadde eg god nytte av at eg hadde prøvd meg fram på instrumentet, og at eg kan skru litt om det er nødvendig, fortel Camilla.

UTFORDRANDE JOBB MED MYKJE REISING

Camilla har fått jobb som nordisk field service engineer i Waters. Firmaet produserer og sel analyseinstrument. Ho skal reparere og utføre service på massespektrometer i heile Norden. Men først skal ho på opplæring i USA og England.

- For meg er dette ein genial start. Eg vil lære mykje, og kjem til å få god instrumentkunnskap.


Denne erfaringa kan komme godt med i andre jobbsamanhengar seinare. For dette er instrument som vert nytta på dei fleste arbeidsplassar som er aktuelle for meg seinare i karrieren, fortel Camilla.

- Og løna er god. Eg gler meg til å tene pengar i staden for å bruke studielån. Det er herleg å ha jobben klar når studiet er avslutta, slik at eg slepp dette stressmomentet.

NO GLER HO SEG TIL Å STARTE I DEN NYE JOBBEN

- Det blir ei kjempeutfordring med fagleg spennvidd frå kjemisk analyse til instrumentkompetanse. Men Waters er ei stor bedrift med mykje erfaring i å ta imot og lære opp nye medarbeidarar. For dei er det viktig at eg lærer mest mogleg, slik at eg kan gjere ein god jobb. Eg tykkjer også det er kult at dei satsar på nyutdanna folk, slik som meg.

- Det er herleg å gå rett i gang med å jobbe medan utdanninga og kunnskapen er fersk.



MASSESPEKTROMETER: I analysane sine nytta Camilla eit massespektrometer. Dette er eit instrumentet som identifiserer ulike molekylar.

PÅVISER TURBO-PROTEIN

Forskarar ved UMB i Ås har påvist funksjonen til eit protein kalla CBP21. Funnet kan få mykje å seie i kampen mot sjukdomar, innanfor miljøvenleg plantevern, og ved produksjon av nye typar drivstoff. Eit viktig amerikansk tidsskrift karakteriserer dette forskingsresultatet som oppsiktsvekkjande.

”The Journal of Biological Chemistry” plasserte artikkelen om proteinet CBP21 som toppsak. Den vart karakterisert som ein av dei beste blant 6600 artiklar i 2005.

- Vi er svært glad for denne anerkjenninga. Det er spesielt positivt at denne typen grunnforskning gjev innsikt som opnar for nye felt med kommersielt potensial, seier Gustav Vaaje-Kolstad og Vincent Eijsink ved Universitetet for miljø- og biovitenskap.

ENZYMGRUPPE

Post. doc. Gustav Vaaje-Kolstad og professor Vincent Eijsink har gjennom fleire år arbeidd med bioteknologiske metodar for å bearbeide stoffet kitin. Kitin finn ein mellom anna i reker, krabbar, sopp, algar og insekt. Det er kitin som gjer skalet til desse organismane sterkt og stivt. Kitin er eit overskotsråstoff som består av lange uløselege sukkerkjeder. Berre i havet vert det årleg produsert rundt ein milliard tonn kitin.

For å kunne utnytte kitin kommersielt må ein klare å bryte det ned. Problemet er at denne prosessen går så seint. Dei naturlege enzyma som bryt ned kitin vert kalla kitinasar. Dagens teknologi er ikkje god nok til å bryte ned kitin industrielt for å omdanna stoffet til verdifulle produkt.

- For å bryte ned kitin må vi bryte knutepunkta mellom sukkereiningane i sukkerkjedene. På ein eller annan måte må vi få tilgang til desse knutepunkta, slik at enzym kan spalte opp sukkerkjedene, forklarar Vaaje-Kolstad.

VERKTØYET CBP21

- Vi har funne ut at i den naturlege nedbrytingsprosessen av kitin produserer mikroorganismar eit spesialisert protein som vi kallar CBP21. Dette bind seg sterkt til kitin utan å spalte opp sukkerkjedene. Vi har påvist at dette proteinet gjer kitinet meir tilgjengeleg, slik at nedbrytingsfarten aukar kraftig. Med andre ord kan CBP21 bli det verktøyet vi no saknar for å få til ei effektiv nedbryting, sier Vaaje-Kolstad.

Nedbrytningsprodukt av kitin har ei rekkje bruksområde. Dei kan fungere som sopphegning, gjødselprodukt, og som plantevernmiddel i landbruket. Oppdaginga kan også revolusjonere produksjonen av biodrivstoff.

DRIVSTOFFREVOLUSJON – BIO-ETANOL

I planteriket er cellulose på mange måtar ein parallell til kitin i dyreiket. Cellulose vert brukt til papirproduksjon. Mindre kjent er det at stoffet også kan nyttast til å lage etanol. Etanol kan brukast som drivstoff i bilar og andre køyretøy.

- Globalt vert det satsa mykje på å utvikle alternative drivstoffkjelder. Å lage drivstoff av cellulose er ingen kunst, men prosessen er i dag for komplisert og dyr. Så langt finst det ingen effektiv produksjon av alternativt drivstoff.

Her har dei nye resultatane frå Ås eit stort potensial. I 50 år har forskarar leita etter protein som verkar på cellulose slik som CBP21 gjer på kitin.

- Erfaringane frå vår forskning på kitin kan overførast til cellulose. Dersom vi finn eit

protein hjå cellulosedbrytande organismar som tilsvarar CBP21, vil dette kunne hjelpe til med nedbrytinga av cellulose på same måte som CBP21 får nedbrytinga av kitin til å gå lettare. Produksjonen av sukker frå trevirke vil dermed kunne gjerast langt meir effektivt enn i dag. Frå sukker er vegen kort over til etanol og biodrivstoff. Treforedlingsindustrien kan stå framfor eit nytt ”oljeeventyr” på land, påpeikar Vaaje-Kolstad.

- Potensialet som forskinga vår har i høve til treforedlingsindustrien har fått stor merksemd over heile verda, påpeikar Vincent Eijsink. Han viser stolt fram oppslag i blant anna russiske, amerikanske, kinesiske og iranske tidsskrift.

MEDISIN

Nedbryting av kitin er også interessant i eit medisinsk perspektiv. Stoffet finst ikkje i menneskekroppen, men det er viktig i mange skadeorganismar som vi ønskjer å verje oss mot, som til dømes sopp, skadeinsekt og malariamygg.

- No kan vi angripe slike organismar ved å gå laus på kitinet deira. Då er det viktig å forstå korleis dette kan gjerast, seier Vaaje-Kolstad.

- Malaria parasitten er heilt avhengig av ein kitinase, altså eit stoff som bryter ned kitin, for å fullføre livssyklusen. Dersom malariamyggen vert mata med kitinfragment som hemmar parasittens eigen kitinase, vil ikkje parasitten kunne spreie seg. Dermed ser vi konturane av ein naturleg førebyggjande vaksine mot malaria, seier Vincent Eijsink.



TRADISJON OG KULTUR ER VIKTIG FOR MATOPPLEVINGA

- Vi må ta vare på den opprinnelege og særeigne smaken i det norske kjøkenet. Lokal tradisjon og kultur er viktig for matopplevinga, sa Arne Brimi under den første førelesninga si som æresdoktor ved UMB.

Tittelen på førelesninga var "Den opprinnelege smaken". - Noreg har unike råvarer med unike smakar som vil bli sterkt ettertrakta i Europa, hevda Brimi til ei stor og lydhør forsamling i den gamle festsalen i Urbygningen.

UNIKE RÅVARER

Foredraget til Brimi var ein del av eit masterkurs i sensorikk og forbrukarforståing i matvitskapsstudiet ved UMB. Kokken frå Lom inviterte til samarbeid mellom kokkar og forskarar.

- Vi har ei mengd framifrå råvarer frå land og hav å byggje samarbeidet på. I det norske og nordiske kjøkenet må vi ta vare på den opprinnelege smaken med lokal forankring. Vi må gje varene ein avsendar, og kundane må få ei total og heil matoppleving.

FORFLATING

Arne Brimi vart utnemnd til æresdoktor under den offisielle opninga av Universitetet for miljø- og biovitskap 23. mai i fjor. Han fekk æresgraden av di han har fornya norske mattradisjonar som byggjer på gamal kunnskap og kultur, og plassert dei i samanheng med nye idéar og impulsar.

I førelesinga åtvare Brimi mot forflatinga i matvegen.

- Alt blir likare i smak. Vi har gløymt det grunnleggjande, teke snarveggar, og laga "matkopiar" på rekkje og rad. Til slutt trur vi det er slik det skal vera. Men då ser vi bort frå den opprinneleg og særeigne smaken som er så viktig, sa Arne Brimi.

MATVITSKAP PÅ ÅS

Studiet i matvitskap ved UMB gjev brei fagleg kompetanse i mange emne, slik som grunnleggjande ernæring, mikrobiologi, biokjemi, teknologi, kvalitet og hygiene. Når master-kandidatane skal spesialisera seg, kan dei velja mellom mat og helse, matproduksjon, mattryggleik og matproduksjon. Dette er kompetanse som næringslivet gjerne vil ha, og dei fleste studentane får tilbod om jobb før dei er ferdige med studiet.



FOTO: IHÅKON SPARRE

KRONPRINSEN OPNA NOREGS NYASTE UNIVERSITET

Universitetet for miljø- og biovitenskap (UMB) vart offisielt opna måndag 23. mai av H.K.H. kronprins Haakon. Kronprinsen innvigde den nye universitetslunden som markerer universitetsstatus for den nesten 150 år gamle utdannings- og forskingsinstitusjonen.

I tillegg til kronprinsen sto utdanningsminister Kristin Clemet, fiskeriminister Svein Ludvigsen og leiar av Stortingens utdanningskomité Rolf Reikvam på gjestelista. Samarbeidspartnere frå departement, forskingsmiljø, næringsliv, og andre universitet og høøgskolar var også til stades.

I talen sin kom Kristin Clemet med mange lovord til UMB. Ho meinte tilsette og studentar har god grunn til å vere stolte av universitet sitt. Utdanningsministeren trakk mellom anna fram at UMB ligg langt framme med omsyn til internasjonalisering av forskning og utdanning.

Under den offisielle opninga av universitetet innvigde kronprins Haakon eit nytt element i den spesielle og historiske parken som omgjev universitetet. Kronprinsen klypte over snora til Universitetslunden, som består av sju spisslønner. Han gratulerte med dagen og rosa universitetet for visjonen om at utdanning og forskning skal medverke til å sikre livsgrunnlaget for noverande og komande generasjonar.



FOTO: BERIT HOPLAND

UNIVERSITETSSTYRET 2005



REKTOR Knut Hove



PROFESSOR Anne Marte Tronsmo



PROFESSOR Birger Solberg



STIPENDIAT Mari S. Tveit



RÅDGJEVAR Inger Annie Schult



SENIORRÅDGJEVAR Anne Sæterdal, NIKU

VARAMEDLEMMER:

PROFESSOR Øystein Dick

PROFESSOR Brit Salbu

STIPENDIAT Stein Joar Hegland

MEISTER Jon Grønli Olafsen

STUDENT Martin Solli

STUDENT Astrid Tutturen

DIREKTØR Ole Harbitz, Statens Strålevern

Kirsten Indgjerd Værdal, Inderøy

Lage Westerbø, Aurdal

Note: Styret fekk ny samansetjing frå hausten 2005



SIVILØKONOM Terje Johansen



DIVISJONSDIREKTØR Siri Bjerke,
Innovasjon Norge



KONSERNJSJEF Geir Isaksen, Cermaq ASA



STUDENT Lisa Hammer




STUDENT Jan-Olav Øderud



STUDENT Ruth-Marie Nymark

ORGANISASJONSKART





UNDERVISNING

UMB utdannar kandidatar som skal tilføre samfunnet nye kunnskapar på universitetets fagområde, og dekkje behov for kompetanse om berekraftig utvikling i samfunnet. Utdanninga har eit tydeleg internasjonalt perspektiv. UMB er engasjert i livslang læring, og medverkar til kompetanseheving i nærings- og samfunnsliv.

KVALITETSSIKRING

Som følge av NOKUTs evaluering i 2004 etablerte UMB internasjonalisering som nytt kvalitetsområde i kvalitetssikrings-systemet. I tillegg er studentrepresentasjonen synleggjort i rutineomtalanene.

Universitetet arbeider kontinuerleg med utvikling av rutinar og evalueringssopplegg på kvalitetsområda.

Etablerte rutinar fungerer godt, og det er godt eigarskap til systemet i organisasjonen. Emne- og programevalueringar

vert følgde opp, og dette gjev konkrete, dokumenterte forbetringar. Senter for etter- og vidareutdanning har fått kvalitetssikringssystem. Det er gjennomført tre eksterne programevalueringar, og 10 andre er sette i gang. Det er også framgang i systemet for kvalitetssikring av det fysiske læringsmiljøet.

I 2005 vedtok styret både ny utdanningsstrategi og ny studentlivsstrategi. Begge desse er kopla til kvalitetssikringssystemet. Integreringa av studiekvalitet i styringssløyfa er vidareført, mellom anna ved ytterlegare samanbinding med plan, rapport og rapporteringsrutinar. Studiekvalitet er fast punkt i styringsdialogar med institutta.

Årsrapporten om studiekvalitet gjev mellom anna oversikt over kvalitetsindikatorar, sterke sider og utfordringar. Styret har gjeve positive tilbakemeldingar om utforming og nytteverdi av årsrapporten. Men UMB har framleis utfordringar innanfor kvalitetssikringssystemet. Arbeidet med kvalitetsheving er eit langsiktig og ressurskrevjande haldningsarbeid som handlar om kommunikasjon og mellommenneskelege prosessar. Det er i tillegg behov for elektroniske verktøy for kvalitetssikring. Sektoren kan med fordel utvikle dette i fellesskap.




FOTO: IHÅKON SPARRE

HOVDUTAL FOR UTVIKLING I STUDENTTAL FOR UMB I 2004 OG 2005

DATATYPE	2004	2005	ENDRING I HØVE TIL 2005
STUDIEPOENG	1.987	2.055	68
KANDIDATTAL	639	701	62
SØKJARTAL	5.334	8.327	2.993
OPPTAKSTAL	743	916	173
REGISTRERTE STUDENTAR	2.635	2.784	149

STUDENTTAL OG REKRUTTERING

Både søkjar- og opptakstal var vesentleg høgare i 2005 enn i 2004. Dette er likevel ikkje ein reell auke, men skuldast i hovudsak endringar i registreringsprosedyrar i samband med opptaket. Likevel ser vi ei positiv utvikling i interessa dei utdanningssøkjande har for universitet vårt.

Produksjonen av studiepoeng har auka med 68 60-studiepoengseiningar frå 2004 til 2005. Dette skuldast noko høgare studenttal (149) og litt høgare produksjon pr. student (i snitt ca. 0,6 sp høgare enn i 2004). Strykprosenten held seg stabil.

UMBs realfagstilbod er marknadsført på brei basis gjennom deltaking på messer, og ved besøk på skolar. Skoletenesta tilbyr besøk med studieorientering, stands og undervisningstimar relatert til forskinga ved UMB. Vi skreddarsyr opplegg som passar den enkelte klasse/skole. Gjennom igangsetjing av grunnstudiet gjev UMB studentar som ikkje har realfagskompetanse frå vidaregåande skole høve til å skaffe seg slik kompetanse. UMB tilbyr også etter- og vidareutdanning til realfagslærarar.

GJENNOMSTRØYING

Rapportert gjennomstrøyming i 2005 (84 %) var noke lågare enn i 2004 (89 %). Det er grunn til å tru at dette skuldast at UMB før rapporteringa i 2004 rydda grundig opp i plandata for utdanningsverksemda.

Tala vart difor noko "betre" enn dei elles vil vore. Ved rapporteringa i 2005 har det berre vore snakk om mindre justeringar, som til dømes å sørgje for at emne som er tekne, og som ikkje var med i planane, vert lagde inn. Ser vi gjennomstrøyminga i samanheng med utviklinga i produksjonen av studiepoeng pr. student, så er det ikkje grunn til å tru at den reelle gjennomstrøyminga er blitt dårlegare. Samanlikna med dei andre universiteta er gjennomstrøyminga svært tilfredsstillande.

JUSTERINGAR I STUDIETILBODET

Justering av eksisterande tilbod:

Masterprogrammet Arealplanlegging og eiendomsfag er no delt opp i to program, eit for Arealplanlegging, og eit for Eignedomsfag. Masterprogrammet Applied aquaculture, og masterprogrammet Teknologi - maskin, prosess og produktutvikling, har endra namn.

Nye program:

- Eittårig grunnstudium
- 5-årig master i teknologi - industriell økonomi
- Erfaringsbasert master i husdyrproduksjon
- Bachelor i utviklingsstudiar.

Dessutan er det oppretta eigne program for studentar på enkeltemne og for utvekslingsstudentar. Grunngevinga for

dette er at vi ønskjer å handtere opptaket av enkeltemnestudentar på ein betre måte, med høve til å skilje studentane etter kva realfagsbakgrunn dei har. Dette vil også gje betre oversikt over desse studentgruppene.

For 2006 er det planlagt å setje i gang eit bachelorprogram for utdanning av land-skapsingeniørar. Bachelorprogrammet i utviklingsstudiar vert gjeve på både engelsk og norsk.

KARAKTERAR

Karakterfordelinga viser ein tendens mot betre resultat enn venta ved normalfordeling. Utslaga vert sterkare dess høgare nivå studieemna ligg på. Strykprosenten er omtrent den same som i 2004. For emne med bestått/ikkje bestått er tendensen at det er svært låg strykprosent. Det er også ein trend at kvinner får betre karakterar enn menn. UMB meiner karakterfordeling og strykprosent ikkje avvik frå det vi finn ved andre universitet.

INTERNASJONALISERING

I 2005 vedtok styret UMBs Internasjonale strategi 2005 – 2006. Strategien fastset internasjonaliseringsmål for utdanning og forskning. Campus skal vere internasjonal med studentane i fokus.

Fleire tiltak vart gjennomførde i 2005:

- periodiske programevalueringar med internasjonale evalueringskomitéar
- orientering om oppfølginga av Bologna-prosessen, og utvikling av felles europeiske standardar for bachelor-, master- og PhD-gradar
- vurdering og justering av studieprogram for å harmonisere UMBs gradskvalifikasjonar med felles europeiske krav
- tilbod om studieopphald ved ein partnerinstitusjon i utlandet, som del

av gradsprogrammet for den enkelte student.

- kulturelt mangfald i studentbustadene ved å setje saman hybelfellesskap med både utanlandske og norske studentar
- internasjonale studentar får tilbod om hybel gjennom heile studietida

Talet på UMB-studentar som reiser ut har vore stabilt i høve til i 2004, medan talet på innreisande utvekslingsstudentar på bilaterale avtalar og Erasmus-avtaler har gått ned. UMB finn ikkje noko eintydig årsak til denne utviklinga.

I 2005 har UMB etablert eller vidareført 30 nye avtalar innanfor programma Erasmus, Erasmus Link og Nordplus, i tillegg til bilaterale avtaler. UMB er blant dei mest aktive universiteta når det gjeld internasjonalisering.

LÆRINGSMILJØ

UMB har eit aktivt læringsmiljøutval.

I 2005 har det særleg arbeidd med det fysiske læringsmiljøet, kvalitetssikringsrutinar innanfor læringsmiljøet, og strategi for studentlivet på UMB. Utvalet har registrert at studentane i aukande grad er nøgde med læringsrom og utstyr. På dette området er det gjennomført mange utbetringstiltak. Studentane er også i aukande grad nøgde med IKT og studieadministrative tenester. Dette gjeld mellom anna web-løsninga "athene". Studentane har også teke godt mot eit betre tilbod om "støttekurs".

UMB ønskjer betre kompetanse på universell utforming. Enkelte tiltak er gjennomførte i samband med plan for universell tilrettelegging. Funksjonshemma studentar får individuell oppfølging.

Innanfor psykososialt læringsmiljø har studentane god tilgang til ulike sosiale tenester. Det er også grunn til

å lyfta fram kurstilboda "Ta ordet" og "Studiemestring". Det kjem positive tilbakemeldingar om læringsmiljøet i klassane, og studentane samarbeider stadig meir. Innanfor velferd har tidlegare evalueringar vore positive. UMB meiner at vi trass i framgang på dette området framleis kan vidareutvikle læringsmiljøet gjennom systematisk arbeid.

STRATEGI FOR STUDENTLIVET VED UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP 2006-2010

I 2005 sluttførte UMB eit stort arbeid med å utarbeide ein strategi for studentlivet på Ås. Visjonen som ligg til grunn er at UMB skal vere eit unikt universitetsmiljø der studentanes faglege og personlege utvikling er prega av likeverd, samhold mellom studentar og tilsette, ansvarlegjering, aktiv deltaking i universitetsfellesskapen, og respekt og toleranse for kulturelt mangfald.

Strategien har som hovudmål å utvikle ein inkluderande og mangfaldig organisasjonskultur med definerte rettar og plikter for studentar og tilsette. Den skal gjelde fram til 2010.

Studentane skal aktivt inkluderast i komitéar og styrande organ, og såleis få reell innverknad på utviklinga ved universitetet. På denne måten får dei trening i å meistre eit komplisert, dynamisk og turbulent arbeids- og samfunnsliv.

Det er lagt stor vekt på å utvikle studentmiljøet. UMB skal ha eit inkluderande og mangfaldig studentmiljø som sikrar at aktive og engasjerte studentar trivst godt og kjenner seg heime ved institusjonen. Sterk felles identitet er ein viktig del av eit ettertrakta universitetsfellesskap. Gjennom forpliktande samarbeid med studentorganisasjonar, Ås kommune og lokale lag og foreningar skal UMB med-

verke til eit rikt tilbod av fritidsaktivitetar som dekkjer ulike behov, og som inspirerer til aktiv deltaking.

Læringsmiljøet er sentralt i den nye strategien. UMB skal tilby eit trygt psykososialt læringsmiljø med eit effektivt sosialt støtteapparat, prega av respekt og toleranse for kulturelt mangfald og individuelle behov, ønskje og moglegheiter. UMB skal tilby ein campus med god infrastruktur, og eit fysisk miljø som er godt tilrettelagt for funksjonshemma, og som understøttar ein best mogleg lærings- og livssituasjon.

Strategien legg stor vekt på at den internasjonalt prega campusen ved UMB skal visa kulturelt mangfald og interkulturell forståing, og gje studentane ein profesjonell, sosial og emosjonell bakgrunn for å verke i eit internasjonalt og multikulturelt samfunn.

ETTER- OG VIDAREUTDANNING

Senter for etter- og vidareutdanning ved UMB samordnar verksemda på sitt område. Institutta er fagleg ansvarlege for utdanningstilboda, som i hovudsak er retta mot definerte behov og problemstillingar i arbeidslivet. Dei skil seg klart ut frå ordinære studietilbod. UMB har nært samarbeid med offentlege etatar, skolar og bedrifter om kompetanseutvikling for tilsette. Vi tilbyr opne kurs, og kurs som er skreddarsydde for ein oppdragsgjevar. Aktiviteten vert finansiert gjennom kursavgifter og eksterntfinansierte oppdrag.

UMB gjennomførte i 2005 forsøk med integrering av læringstiltak (etter- og vidareutdanning) i brukarstyrt forskning. Dette gav gode resultat og vert vidareført i 2006. Totalomsetninga for etter- og vidareutdanning var om lag 12 mill. kroner i 2005. Av dette var 9 mill. kroner eksterne inntekter frå kursavgifter og betalte oppdrag. Om lag 1/3 av omsetninga var knytt til

oppdragsbaserte kurs. UMBs eigenandel omfatta incentivmidlar til institutta, samt basisløyving til infrastruktur og støtteapparat. Aktiviteten innanfor etter- og vidareutdanning vaks fram til 2003, men har sidan flata ut. Knappe personellressursar og mangel på incentiv ved institutta er dei viktigaste interne hindera for at UMB skal nå målet om å tilby etter- og vidareutdanning på alle kjerneområda ved universitetet. Kostnader og inntekter knytte til

etterutdanning er avgrensa til rekneskapen for 2005. I 2005 deltok 617 personar på etterutdanning, og 502 tok vidareutdanning. Av desse tok 374 eksamen. Det vart avlagt i alt 4656 studiepoeng. Inntektene av desse kursa vart rekneskapsførte i 2004 og 2005.

UMB har i 2005 hatt nært samarbeid om etter- og vidareutdanning med ulike offentlege etatar, mellom andre Statens vegvesen, Statens kartverk og

Jordskifteverket. Det har også vore samarbeid med vidaregåande skolar i Follo-regionen, bedrifter innanfor landbruks-samvirket, dagligvarehandelen og andre typar næringsliv. UMB har på oppdrag frå Mattilsynet hatt driftsansvar for programmet Kompetanseutvikling i matsektoren (2003-2005), der ei rekkje bedrifter og tilbydarar har vore med på delprosjekt.

DEI VIKTIGASTE AVTALANE I HØVE TIL MOBILITET AV STUDENTAR

MEST AKTIVE PARTNERDESTINASJONAR	TAL	MEST AKTIVE PARTNERAR SOM UMB TEK MOT STUDENTAR FRÅ	TAL
MAKERERE UNIVERSITY	74	ECOLE SUPÉRIEURE D'AGRICULTURE D'ANGERS	26
DEN KGL. VETERINÆR- OG LANDBOHØJSKOLE	52	DEN KGL. VETERINÆR- OG LANDBOHØJSKOLE	23
TRIBHUVAN VISHWAVIDALAYA	37	TECHNISCHE UNIVERSITÄT MÜNCHEN	19
UNIVERSITY OF ALASKA-FAIRBANKS	19	CHRISTIAN-ALBRECHTS-UNIVERSITÄT ZU KIEL	8
THE UNIVERSITY OF BRITISH COLUMBIA	17	ECOLE NATIONALE D'INGÉNIEURS DES TRAVAUX AGRICOLES DE BORDEAUX	7
SVERIGES LANTBRUKSUNIVERSITET	13	SVERIGES LANTBRUKSUNIVERSITET	6
UNIVERSIDAD POLITÉCNICA DE VALENCIA	11	HELSINGIN YLIOPISTO	5
TECHNISCHE UNIVERSITÄT MÜNCHEN	17	NOVA SCOTIA AGRICULTURAL COLLEGE	4
NOVA SCOTIA AGRICULTURAL COLLEGE	10	WAGENINGEN UNIVERSITEIT	4
WAGENINGEN UNIVERSITEIT	9	UNIVERSIDAD DE CÓRDOBA	4

VIDAREUTDANNING MED GJENNOMFØRT EKSAMEN I 2005

VIDAREUTDANNING	TAL STUDIEPROGRAM	TAL STUDENTAR	AVLAGTE 60- STUDIEPOENGS-EININGAR
SUM	22	502	77,6

FORSKING

Institutta ved UMB er framleis opptekne av å konsentrere og styrkje den vitenskaplege aktiviteten i forskargrupper. I 2005 søkte fire forskargrupper status som Senter for framifrå forskning (SFF). To grupper samarbeidde om ein søknad om Senter for forskingsdriven innovasjon (SFI). Fire enkeltforskarar søkte om opphald ved Senter for grunnforskning (CAS). I 2005 starta UMB ei 6-årig satsing på helsereelatert forskning. Målet er å utvikle og formidle UMBs kompetanse om mat, natur og livsmiljø gjennom forskning, og utvikling av masterprogram innanfor førebyggjande og rehabiliterande helse. Det er etablert tre forskargrupper: Mat og helse, Helse og utvikling, og Natur, livskvalitet og helse.

Forskningsproduksjonen målt i tal vitenskaplege artikkelar i internasjonale og nasjonale tidsskrift med fagfelle vurdering auka med 11 % frå 2004 til 2005.

STRATEGISKE PRIORITERINGAR

UMB har to måtar for å sikra at FoU held høg kvalitet:

1. Langsiktige prioriteringar: UMBs forskingsstrategi frå 2000 ligg framleis fast, med Mat, Miljø, Bioteknologi, Akvakultur og Næringsutvikling som satsingsområde. I 2005 starta eit arbeid over seks år for å styrkje UMBs kompetanse innanfor førebyggjande og rehabiliterande helse. Fagleg sett går denne forskinga på tvers av fleire satsingsområde frå 2000-strategien.

2. Konsentrasjon på område der universitetet har føresetnader for å lukkast: Spesialisering og konsentrasjon pågår heile tida gjennom styrking av forskargrupper ved institutta, grupper som arbeider mellom institutt, og grupper der forskarar ved UMB samarbeider med kollegaer ved randsonelinstitutt.

Universitetsstyret har laga to verkøy for å gjennomføre strategiske satsingar og omstillingar i FoU-verksemnda. Det eine er gjennom universitetets interne budsjett-



FOTO: IHÅKON SPARRE

Post.doc Solve Sæbø arbeider med multivariabel statistisk analyse, for å identifisere sjuke gener. Det børsnoterte selskapet DiaGenic ASA som har sitt utspring i Ås-miljøet, utviklar metodar for tidleg diagnose av brystkreft og Alzheimers sjukdom.

modell som inneheld eit strategisk element. Det andre er gjennom prioriteringar i universitetets budsjett. Helsesatsinga som er omtalt ovanfor, er eit døme på dette, der nesten 20 millionar kroner av interne midlar er sett av over seks år for å gjennomføre ei ny strategisk satsing.

UMB gjer målretta bruk av KDs strategiske forskingsløyving. Satsingane som er nemnde ovanfor er døme på dette. Løyvinga vert også brukt til å styrkje forskinga innanfor Senter for framifrå forskning "Aquaculture Protein Centre", og deltakinga i den nasjonale satsinga på Funksjonell Genomforskning.

FORSKINGS- OG UTVIKLINGS-AKTIVITET

Resultata oppnådde i 2005 er tilfredsstillande når det gjelder produksjon av vitenskaplege artiklar, med ein vekst på 11 % frå året før. Universitetet vil no styre meir av publiseringa over mot dei tidsskrifta som gjev størst økonomisk utteljing frå KD. Mobiliteten blant vitenskapleg tilsette, inkludert PhD- og post.doc.-stipendiatar er høg, men universitetet ønskjer fleire innreisande gjesteforskarar. Deltakinga i EU-finansierte prosjekter er god målt i tal, men målt i økonomisk omsetning er aktiviteten moderat. UMB gjer det godt innanfor næringsutvikling, med 10 % auke i oppdragsmengda for private føretak, og nye initiativ for å skape Biopolis næringsklynger, både på campus og i Follo-regionen. Når det gjeld kommersialisering av forskingsresultat ønskjer universitetet eit større tilfang av forretningsidéar frå forskarane.

Gjennom den interne budsjettmodellen har universitetet allereie i fleire år premiært avslutta PhD-grader, vitenskaplege artiklar og deltaking i forskning finansiert av Noregs forskingsråd og EU. Dette samsvarar godt med KDs nye budsjettmodell. Utviklinga viser ein jamn vekst, både når det gjeld talet på vitenskaplege artiklar og deltaking i forskingsrådsprosjekt. UMB bør delta meir aktivt i EU-prosjekt, og vi har sett i verk tiltak for å gjere betre arbeid opp mot denne finansieringskjelda.

DOKTORGRADSUTDANNING

I 2005 tok UMB opp 11 fleire studentar på doktorgradsavtalar enn året før. Sidan det har gått litt tregt med å få på plass alle avtalane, er ikkje finansieringskjelde registrert på nye studentar i 2005. Det er rydda opp i doktorgradsavtalene for å få betre kontroll med aktive avtalar. Gjennom Felles studentsystem er det også i gang eit arbeid for å betre rutineane for registrering av doktorgradsstudentar. Hausten 2005 var det registrert 288 aktive avtalar.

Talet på avlagte doktorgradar ved UMB

DOKTORGRADAR VED UMB

ÅR	2001	2002	2003	2004	2005
DOKTORGRADAR	35	55	42	40	49

VITSKAPLEGE PUBLIKASJONAR

Produksjon av artiklar i internasjonale vitenskaplege tidskrift med fagfelle vurdering har gått opp med 11 % samanlikna med 2004. Dette tilsvarar ein vekst frå 0,8 til

auka frå 40 i 2004 til 49 i 2005. Dette ligger innanfor det ein må forvente av normal årlege variasjon, og det er ikkje grunn til å tru at dette er ein trend mot større produksjon. Det er gledeleg at 63 % av doktorgradane vert tildelt kvinner.

Netto gjennomstrøymingstid for doktorgradsstudentane er i underkant av fire år, noko som er litt betre enn i 2004. Nye registreringsrutinar vil gje UMB ein betre reiskap for å følgje opp denne studentgruppa.

1,0 artiklar pr. FoU tilsett. Det har også vore ein markert auke i talet på kapittel i faglege bøker/lærebøker. Talet på foredrag ved vitenskaplege konferansar har gått ned 8 % i høve til tala frå 2004.

VITSKAPLEG PUBLISERING

TYPE PUBLIKASJON	2002	2003	2004	2005
ARTIKLAR I INTERNASJONALE VITSKAPLEGE TIDSSKRIFT	294	340	360	402
ARTIKLAR I NASJONALE VITSKAPLEGE TIDSSKRIFT	7	12	4	15
FAGLEGE BØKER OG LÆREBØKER	32	32	7	20
KAPITTEL I FAGLEGE BØKER OG LÆREBØKER	77	51	42	66
VITSKAPLEGE RAPPORTAR	172	193	193	186
FOREDRAG VED VITSKAPLEGE KONFERANSAR	546	519	582	535

INTERNASJONALISERING

Forskarar ved UMB deltek i 14 prosjekt innanfor EUs rammeprogram og strålevernprogram. I tillegg deltek forskarane i ei rekkje EU-nettverk. Saman med forskingsinstitutta på Ås campus har UMB starta eit strategisk arbeid for å komme i betre inngrep med 7. rammeprogram som

startar i 2007. Målet er å auke talet på prosjekt, og den økonomiske omsetninga. Ås-miljøet tek også mål av seg til å ha ei koordinerende rolle i eitt eller nokre få prosjekt.

Universitetet følgjer også opp den bilaterale forskings- og teknologiavtalen mellom USA og Noreg som vart signert

i 2005. UMB og University of Minnesota har etablert eit omfattande samarbeid innanfor mattryggleik og bioenergi. Dette er gjort i samarbeid med Landbruks- og matdepartementet. Seks forskargrupper er involverte. Samarbeidet får no ein lengre tidshorisont, og vil i 2006 bli meir formalisert.

EU-FINANSIERTE PROSJEKT (ALLE BELØP I MILL. KR)

TEMA FOR PROSJEKTET	STORLEIK PÅ FINANSIERINGA TIL UMB	KOORDINATORROLLE
EUS RAMMEPROGRAM		
FOREAIM: SKOGBRUK	1,22	NEI
VERHI CHILDREN: HELSE	1,82	NEI
AQUAMONEY: MILJØEVALUERING	0,42	NEI
REMEDE: MILJØEVALUERING	0,11	NEI
PATH: MILJØOKONOMI	0,17	NEI
WELFARE QUALITY: HUSDYR	0,69	NEI
REPRO: NÆRINGSMIDDELINDUSTRI	2,23	NEI
SABRE: HUSDYRAVL	3,01	NEI
MATISSE: SKOGBRUK	1,38	NEI
SEAMLESS: MILJØPLANLEGGING	4,20	NEI
EFORWOOD: SKOGBRUK	3,03	NEI
EUS STRÅLEVERNPROGRAM		
SECURING EUROPEAN RADIOLOGICAL PROTECTION AND RADIOECOLOGY COMPETENCE TO MEET THE FUTURE NEEDS OF STAKEHOLDERS	0,18	NEI
EURANOS-EUROPEAN APPROACH TO NUCLEAR AND RADIOLOGICAL EMERGENCY MANAGEMENT	0,34	NEI
ERICA -ENVIRONMENTAL RISK FROM IONISING CONTAMINANTS: ASSESMENT AND MANAGEMENT	2,05	NEI
SUM FINANSIERING	20,85	

KOMMERSIALISERING AV FORSKINGSRESULTAT

Forskarane har i 2005 fått fram 22 oppfinningar. UMB har overteke eigarrettane til seks av dei. Ein lisensavtale er signert. Det er utarbeidd og sendt inn seks patentsøknader. Det vert no bygd opp fleire patentar

innanfor same fagområde for å auke verdien av kvar enkelt.

Organiseringa av nyskapingssenteret Biopolis vart endra i 2005 slik at Bioparken AS no har operativt ansvar i satsinga. Målet er både nyskaping, og å styrkje eksisterande næringsliv i Follo-

regionen. Biopolis inngår i Oslo Bio (Life Science-klyngja i Oslo). Gjennom Oslo Teknopol er Biopolis med i eit EU-finansiert nettverk kalla AgroBioCluster der vi får tilgang til kunnskap om næringsklyngjer, og erfaringar frå liknande klyngjer i fire andre land i Europa. Pr. 2005 utgjer Biopolis ca. 25 tilsette i næringslivet som har arbeidsplass ved UMB, 10 inkubatorbedrifter, og ei nyetablert verksemd på campus.

FORRETNINGSIDÉAR KOMME FRAM I 2005

MÅLTAL	MÅL	OPPNÅDD
FORRETNINGSIDÉAR SOM VERT VURDERTE SOM INTERESSANTE	30	22
FORRETNINGSIDÉAR TIL UMBS KOMMERSIALISERINGSUTVAL	10	12
FORRETNINGSIDÉAR DER UMB HAR OVERTEKE EIGARSKAP	10	6
KOMMERSIALISERINGAR	5	1

FORSKINGSRAPPORT 2005

Det er utarbeidet ein eigen rapport om forskinga ved UMB i 2005.



FORMIDLING

Endring av namn og status 01.01.2005 har kravd ei omfattande omlegging av universitetets formidlings- og kommunikasjonsarbeid. UMB har 150-års tradisjon knytt til landbruks- og matproduksjon, ein posisjon som vi er stolte av, og ønskjer å vidareføre. Samtidig har universitetsstyret vore tydeleg på at endring i namn og status skal medføre at samfunnet tydelegare oppfattar den faglege breidda som UMB faktisk står for.

Strategisk plan 2005 – 2008 har følgende utfordring for universitetets kommunikasjonsarbeid:

- "UMB skal profilere seg som leiande institusjon innanfor forskning og utdanning, og medverke til at forskingsresul-

tat vert kjende, og kjem samfunnet til gode.

- UMB skal bruke ressursane sine slik at universitetets forskingsformidling, samfunnskontakt og informasjon gjer UMB kjent og attraktiv for oppdrags-

gjevarar, potensielle studentar og arbeidsgjevarar"

NY VISUELL PROFIL

Ny visuell profil er eit hovudgrep for å synleggjere den nye posisjonen UMB



FOTO: IHÅKON SPARRE

Bildet er frå Studiemessa på Lillestrøm der UMB vart marknadsført under nytt namn, og med ny logo og biogram

har fått. Dette har vore eit omfattande arbeid, og resultatet vart lansert i. januar 2006. Fellesnemnaren for utdanning og forskning i Ås er "liv", og det er dette særtrekket som no vert framheva. Den nye logoen viser at UMB er det "levande" universitetet. Ein sentral del av den nye logoen er eit symbol (eit biogram) som er i konstant rørsle, og utviklar seg frå dag til dag. Nullpunktet for symbolet er etableringsdatoen for universitetet (Den høiere landbrugsskole paa Aas), i. oktober 1859. Frå dette utgangspunktet har kvar dag sitt eige biogram.

På nettsida <http://biogram.umb.no> kan alle lage og laste ned sin personlige UMB-logo. Alt som er nødvendig er ein bestemt dato.

INFORMASJON PÅ NETT

Dei elektroniske kanalane står sentralt i arbeidet med å presentere UMB som eit leiande internasjonalt utdannings- og forskingsmiljø. Norge.no gjennomførte i 2005 ei ny kvalitetsvurdering av offentlege nettstader. Nok ein gong skåra UMB høgt med fem av seks stjerner. Berre eit fåtal universitet og høyskolar oppnådde så bra resultat.


Stadig fleire er innoom nettstaden www.umb.no. Figuren under viser at bruken av nettsidene har hatt ein markert vekst i perioden 2002 - 2005, men dette gjeld sjølvstundt dei fleste nettsider. I middel oppnår UMBs eksternsider nærare 600 000 treff i månaden. Vi meiner dette dokumenterer at publikum finn det dei leitar etter. Undersøkingar internt viser også at internett er hovudkanal for dei utdanningssøkjande når det gjeld å finne relevant studieinformasjon.

I 2005 starta UMB arbeidet med ein ny intern informasjonsportal: <http://intern.umb.no>. Denne skal lanserast i. februar 2006, og vil vere eit viktig tiltak for å betre universitetets interne informasjonsarbeid.

STUDIEINFORMASJON

Betring av informasjonstilbodet for studentar og utdanningssøkjande har vore ei prioritert oppgåve dei siste åra. Særleg

TOTALE TREFF PR. MÅNAD PÅ WWW.UMB.NO



gjeld dette arbeidet med studentportalen athene.umb.no, der all informasjon retta mot studentar vert lagt ut. Statistikken viser tydeleg at informasjonen er etterspurt, og vert brukt. UMB hjelper også dei fleste studentgrupper med å leggje ut eigen informasjon til medstudentar.

FORSKINGSFORMIDLING

Utvikling av forskningssider på internett og populærvitenskapelig forskingsformidling er eit berande element i informasjonsformidlinga. Fleire forskningssider har kome til, og andre er omarbeidde.

Forskingsformidling er ei prioritert oppgåve ved UMB. Fleire institutt har eigne seriar for formidling av nye forskingsresultat. Det er også ei omfattande føredrags- og rådgjevingsverksemd overfor mellom anna landbruket og næringslivet

elles. UMB er ein sentral leverandør av artiklar og oppslag på nettstaden www.forskning.no. Desse også nytta på www.umb.no og i brosjyremateriell.

PUBLIKUMSBESØK OG MUSEUMSAKTIVITET

Campus Ås har ca. 600 daa park og grøntanlegg. Parken, grøntområda, rosariet og arboretet trekkjer til seg mange besøkjande, og er ein viktig arena for fagleg formidling. Dei som er innoom kjem både som enkeltpersonar og i grupper av ulik storleik. Aktiviteten føregår i nært samarbeid med Norsk Landbruksmuseum (NLM). I 2005 fusjonerte NLM og UMBs meierimuseum. Målet med samanslåinga er å styrkje dokumentasjons- og formidlingsarbeidet.

POPULÆRVITSKAPLEG FORMIDLING

KATEGORI	2004	2005
POPULÆRVITSKAPELEGE ARTIKLAR	180	137
POPULÆRVITSKAPELEGE FØREDRAG	533	493
OPPSLAG I DAGSPRESSE, TV OG RADIO	277	469
ARTIKLAR PÅ NETTSTADEN FORSKNING.NO	57	62

STYRINGA AV INSTITUSJONEN

I 2004 – 2005 utarbeidde UMB både ein ny styringsmodell for øvste leiingsnivå, og ny rekrutteringsmåten for rektor. Det vart laga høyringsnotat, og skipa til høyringsmøte internt. I mars 2005 vedtok universitetsstyret at UMB framleis skal ha ein styringsmodell med valt rektor som samtidig er styreleiar, og ein administrerande direktør. Rektorvalet i mai 2005 gav som resultat at Knut Hove vart attvalt som rektor. Han starta den nye funksjonsperioden 1. august 2005.



FOTO: IHÅKON SPARRE

Våren 2005 var det også val av medlemmer og varamedlemmer til universitetsstyret, i tråd med den nye universitetslova. Den nye lova inneber at dei mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar no har ein representant i universitetsstyret.

Som styreleiar når rektor har fråvær har universitetsstyret oppnemnt ein av dei interne styremedlemmene valt blant dei fast tilsette i undervisnings- og forskarstilling. I tillegg til å leie styremøta kan vedkomande også avgjere saker etter fullmakt i tilfelle der vedtaka ikkje kan vente til rektor er attende, eller styret er samla.

NYE PROREKTORAR

Universitetsstyret har tilsetj to prorektorar i halv stilling på åremål for ein periode på fire år. Den eine skal ha ansvar for utdanning, og leiar studienemnda. Den andre har ansvar for forskning, og leiar forskingsnemnda. Prorektorane inngår i den fagleg-strategiske leiinga ved UMB.

Trine Hvoslef-Eide er tilsett som prorektor for utdanning og Morten Bakken som prorektor for forskning.

INSTITUTT OG SENTER

Alle institutta ved UMB har eige styre. Styremedlemmene vert nominerte ved institutta, og oppnemnde av universitetsstyret. Kvart instituttstyre har ein ekstern representant, enten frå eit samarbeidande institutt ved UMB, eller frå ein relevant ekstern institusjon. Nye instituttstyre vart oppnemnde i juni 2005, og starta funksjonstida si på fire år pr. 1. august.

Dei to fagsentera ved UMB, Senter for

klimaregulert planteforskning og Senter for husdyrforsøk, har også eigne styre. Desse vart oppnemnde hausten 2005. Samstundes vart det oppnemnt ei styringsgruppe for Senter for etter- og vidareutdanning. Funksjonstida for desse organa er synkronisert med funksjonsperioden for instituttstyra. Det inneber at alle styringsorgan ved UMB vil ha nyval eller ny oppnemning samtidig når inneverande funksjonsperiode går ut medio 2009.

NY ADMINISTRERANDE DIREKTØR

Stillinga som administrerande direktør vart lyst ut i august 2005. Åremålsperioden for dåverande administrerande direktør Einar Eriksen gjekk ut 31.12.2005. Universitetsstyret har tilsett Nils Dugstad som ny administrerande direktør. Han tiltrer 1. mars 2006. Åremålsperioden er endra frå seks til fire år.

HOVUDELEMENT I UMBS STYRINGSMODELL

- Organisering i to formelle nivå: institusjonsnivå og instituttnivå
- Universitetsstyret er øvste vedtaksføre styringsorgan ved universitetet. Det har også strategiske oppgåver, med Studienemnda og Forskningsnemnda som permanente fagleg-strategiske utval
- Rektor leiar universitetsstyret, og er øvste linjeleiar med fagleg og administrativt ansvar. Han har direkte linjeansvar for instituttleiarane, dei to prorektorane, administrerande direktør, studiedirektør og forskingsdirektør.
- Administrerande direktør leiar dei sentraladministrative funksjonane innanfor økonomi, personell og organisasjon, informasjonsverksemd og bibliotek, samt drift, service, vedlikehald og utvikling av bygningar og eigedommar.
- Institutta er grunneiningane ved universitetet, organisert som "semiautonomie" faglege og økonomiske einingar, med ansvar for kunnskapsproduksjon og undervisning
- Kvart av dei åtte institutta har ein instituttleiar som er tilsett av universitetsstyret i fireårig åremålsstilling.
- Universitetsstyret oppnemner på fritt grunnlag eit styre ved kvart institutt, etter

forslag frå institutta. Instituttleiaren leiar instituttstyret.

- Institutta står fritt når det gjelder internorganisering
- Studentane har formell, likeverdig representasjon i alle viktige vedtaksføre organ, både på institusjons- og instituttnivå
- Samarbeid med tenestemannsorganisasjonane føregår både på instituttnivå, og på institusjonsnivå. Forhandlingar vert førte på institusjonsnivå.
- Rektor har kvar veke møte der alle instituttleiarane, prorektorane, og leiar av studentdemokratiet deltek.

EININGAR VED UNIVERSITETET

Universitetsstyret vedtok i 2005 å gje Noragric, UMBS senter for internasjonale utviklingsstudiar, instituttstatus på line med dei øvrige institutta. Frå og med 2005 har UMB dermed åtte institutt.

INSTITUTT FOR HUSDYR- OG AKVAKULTURVITSKAP, IHA

INSTITUTT FOR INTERNASJONALE MILJØ- OG UTVIKLINGSSTUDIAR, NORAGRIC

INSTITUTT FOR KJEMI, BIOTEKNOLOGI OG MATVITSKAP, IKBM

INSTITUTT FOR LANDSKAPSPLANLEGGING, ILP

INSTITUTT FOR MATEMATISKE REALFAG OG TEKNOLOGI, IMT

INSTITUTT FOR NATURFORVALTING, INA

INSTITUTT FOR PLANTE- OG MILJØVITSKAP, IPM

INSTITUTT FOR ØKONOMI OG RESSURSFORVALTING, IØR

SENTER FOR HUSDYRFORSØK, SHF

SENTER FOR KLIMAREGULERT PLANTEFORSKING, SKP

SENTER FOR ETTER OG VIDAREUTDANNING, SEVU

AQUACULTURE PROTEIN CENTRE, APC

CENTRE FOR INTEGRATIVE GENETICS, CIGENE

PERSONALSITUASJONEN

Talet på årsverk har auka med fire, frå 870 pr. oktober 2004 til 874 pr. oktober 2005. I same periode har UMB fått tildelt fleire stipendiatstillingar. I 2005 arbeidde UMB med å systematisere den interne oppfølginga av stipendiatstillingane som er tildelt over statstilskotet. Målet er å ha tilsette i alle dei 78 stillingane, og at dei står ledige så kort tid som råd. Det er etablert prosedyrar og rutinar for dette.



FOTO: IHÅKON SPARRE

KVINNER I VITSKAPLEGE OG ADMINISTRATIVE STILLINGAR

UMB har rimeleg fordeling mellom kjønna i leiande stillingar. Ein av to prorektorane, og tre av åtte instituttleiarar, er kvinner. Av dei til saman 10 avdelingsdirektørane i sentraladministrasjonen og ved sentera, er fire kvinner.

I gjennomsnitt er det drygt 33 % kvinner i undervisnings- og forskarstillingar. Når det gjeld faste undervisnings- og forskarstillingar er kvinneandelen 13 % blant professorane, og drygt 20 % blant førsteamanuensane. Over 60 % av stipendiatane er kvinner. UMB har avgrensa nyrekruttering til faste undervisnings- og forskarstillingar. Det går difor langsamt med å auke talet på kvinner i desse stillingskategoriane. Spørsmålet om rekruttering av kvinner står likevel sentralt når faste undervisnings- og forskarstillingar skal lysast ut. UMB ventar dessutan større nyrekruttering i årene framover, som følgje av at mange i vitenskaplege stillingar går av med pensjon. I likestillingspolitikken er det viktig å ta vare på dyktige stipendiatar, byggje dei opp, og stimulere dei til å satse på ein akademisk karriere.

Det vart ikkje utarbeidd ny handlingsplan for likestilling i 2005, slik som planlagt. Den gamle likestillingsplanen ligg framleis til grunn for personalpolitikken.

KOMPETANSEHEVING FOR TILSETTE

I 2004 vart det utvikla ein overordna

treårig plan (2004-2006) for kompetanseutvikling for tilsette. Den har vore førande for arbeidet også i 2005. Styret vedtok planen med følgjande satsingsområde:

- digital kompetanse
- pedagogisk kompetanse
- språkkompetanse

Det er gjeve opplæring innanfor alle satsingsområda, med hovudvekt på å kvalifisere undervisningspersonalet i bruk av IKT som pedagogisk verkemiddel. Innføring av "Classfronter" har stått sentralt. Det er også gjeve språkoppføring for administrative og vitsskapelege stillingsgrupper.

Personale på ulike nivå i organisasjonen

har fått leiaropplæring. UMB har både nytta interne og eksterne program. Det har også vore gjeve opplæring innanfor innovasjon og regelverk.

Midlane knytte til kompetanseheving for fagpersonalet i lærarutdanninga er disponerte til å:

- Arrangere nasjonalt rektormøte i naturbruk (auka kompetanse og kontakt med praksisfeltet)
- Vidareutvikling av fagpersonalets kompetanse gjennom FoU (IKT i lærarutdanningane og yrkesdidaktikk i naturbruk)
- Betre kontakt med skoleverket gjennom fleire praksisbesøk og samarbeid med

øvingslærarar

- Internt profesjonsretta forskingsseminar

SJUKEFRÅVÆR

Leiinga ved UMB og tenestemannsorganisasjonane underteikna i april 2005 avtale med Trygdeetatens arbeidslivsenter om Inkluderande arbeidsliv. Med dette har UMB på nytt sett fokus på sjukefråvær og nærvær. Det rapporterte sjukefråværet ved UMB låg i 2005 lågare enn tidlegare år. Som ved dei fleste arbeidsplassar er fråværet blant kvinner høgare enn blant menn. I 2005 var gjennomsnittleg sjukefråvær 4,3 %.

TILSETTE (I ÅRSVERK, GRUNNLAGSDATA OKTOBER 2005)

STILLINGSTYPE	GRUNNBUDSJETT		EKSTERNT FINANSIERT						TOTALT TAL TILSETTE	
	F	M	NOREGS FORSKINGSRÅD		ARBEIDSMARKNADSTILTAK		ANDRE FINANSIERINGSKJELDER		Sum	% KVINNER
TILSETTE (F = FAST, M= MELLOMBELS)			F	M	F	M	F	M		
UNDERVISNINGS- FORSKINGS- OG FORMIDLINGSSTILLINGAR	231	102	-	68	-	1	1	33	436	33,7
AV DESSE PROFESSORAR (PROF. II IKKJE MED)	(107)	(2)	-	(1)	-	-	-	-	(110)	(13)
AV DESSE FØRSTEAMANUENSAR	(105)	(10)	-	(1)	-	-	-	-	(116)	(20,3)
AV DESSE FØRSTELEKTORAR	(1)	-	-	-	-	-	-	-	(1)	-
AV DESSE STIPENDIATAR	-	(63)	-	(33)	-	-	-	(10)	(106)	(61)
AV DESSE POSTDOC.-STILLINGAR	-	(12)	-	(18)	-	-	-	(7)	(37)	(49,1)
STØTTESTILLINGAR FOR UNDERVISNING, FORSKING OG FORMIDLING	135	9	-	5	-	-	1	4	154	48,0
DRIFTS- OG VEDLIKEHALDSSTILLINGAR	67	5	-	-	-	-	-	-	72	40,4
ADMINISTRATIVE STILLINGAR	176	28	-	3	-	1	1	3	212	65,4
AV DESSE LEIARAR	(9)	(1)	-	-	-	-	-	-	(10)	(40,0)
AV DESSE MELLOMLEIARAR	(12)	(8)	-	(1)	-	-	-	-	(21)	(45,8)
ANDRE STILLINGAR	-	2	-	-	-	-	-	-	2	0,0
	609	145	0	76	0	2	3	39	874	44,3

HELSE, MILJØ OG SIKKERHET

UMB har aktive Arbeidsmiljøutval (AMU) og Læringsmiljøutval (LMU). LMU har ansvar for saker som vedkjem alle typar studentar, medan AMU har ansvar for saker som vedkjem alle tilsett ved UMB. LMU har det overordna ansvaret for følgjande område i kvalitetssikringssystemet: fysisk læringsmiljø, psykososialt læringsmiljø, velferd og universell tilrettelegging. Det er gjennomført vesentlege oppgraderingar i fleire lesesalar. I tråd med studentstyrets prioritering er det etablert sykkelstativ i det sentrale parkområdet. Dette tiltaket medverkar også til redusert slitasje på vegetasjonen i parken.

I 2005 vart det inngått avtale om inkluderande arbeidsliv, og arbeidet med implementering av IA-avtalen er godt i gang ved institutt og senter. Det er sett i gang kompetansebyggande tiltak for nye verneombod og medlemmer i AMU, inkl. varamedlemmer i desse funksjonane. Det er også sett i verk opplæring og informasjon i førstehjelp for aktuelle målgrupper, med vekt på tilsette som har risikofylte arbeidsoppgåver.

Universitetsstyret vedtok ny beredskapsplan hausten 2005. Det er arbeid grundig med førebuing til, og prosess med utlysing av "engasjement for HMS-

prosjektlear". Tilsettingsprosessen skal sluttførast i januar 2006. Etter planen tiltrer prosjektleiaren i løpet av første kvartal 2006.

Nettsida som omhandlar arbeidsmiljø er omredigert og bygd ut. Den er tilgjengeleg både for eksterne og interne brukarar.

Statens strålevern har tildelt Campus Ås utsleppsløyve for radioaktive stoff. Ein føresetnad er at UMB reviderer systemet for kvalitetssikring av HMS-området, slik at det blir oppdatert i tråd med endringar i strålevernlovgjevinga.

BYGG OG TEKNISKE ANLEGG

UMBs største utfordring i høve til bygg og lokale har vore den knappe ressurstilgangen som gjennom år har ført til at det er akkumulert eit stort etterslep i vedlikehaldet. Det er difor ei positiv utvikling at førebuingane til rehabiliteringsarbeida no har starta opp, med forprosjekt for to bygningar. Dette skjer i nært og godt samarbeid med Statsbygg.

REHABILITERINGSPROSJEKT

UMB har starta arbeidet med tre førebuingane planprosessar for rehabiliteringsprosjekta. Prosessane omfattar landskapsplan, verneplan og generalplan for rehabilitering. Arbeidet med ein overordna verneplan måtte utsetjast i påvente av finansiering, og vil difor bli gjennomført i inneverande år. Tiltaket vert sett i samanheng med Fornyings- og administrasjonsdepartementets prosjekt "Statens kulturhistoriske eigedomar". Rehabiliteringsarbeida vil innebere behov for mellombels lokale. UMB er i ferd med å leggje til rette lokale for kontor, og

nokre generelle undervisningsrom. Det er viktig å få kartlagt behovet for spesialrom til forskning og undervisning, slik at dette kan ordnast på ein tilfredsstillande måte i byggetida. I 2006 vil Universitetet greie ut kva behov rehabiliteringa vil utløyse i ulike fasar.

Førebuing og gjennomføring av rehabiliteringsprosjekt vil i åra framover vere UMBs førsteprioritet innanfor bygningar og tekniske anlegg. I tillegg vil universitetet prioritere vidare framdrift med utarbeiding av forprosjekt for dei neste rehabiliteringsprosjekta, samt målretta bruk av dei løyvingfinansierte midlane som vert brukte til bygg på ein slik måte at dei gjev best mogleg resultat for vedlikehaldet.

AKUTTE TILTAK

UMB har stort behov for ekstraordinære midlar for å rette opp akutte problem, berekna til 21,5 mill. kroner i 2002. Statsbygg beskriv desse tiltaka som oppretting av kritiske forhold i høve til konstruksjon og tryggleikt som det vart tilrådd

å gjennomføre i 2002. UMB har så langt vore i stand til å gjennomføre ein mindre del av desse tiltaka gjennom omprioritering innanfor eigne rammer.

Trass i tiltaka som er sette i verk, gjev tilstanden for enkelte bygningar grunn til bekymring. UMB ber difor om at det vert løyvt midlar til å rehabiliterare dei mest prekære bygningsmessige manglane, ut over dei midlane som er avsette til totalrehabilitering av enkeltbygg. Det er etter UMBs kalkylar behov for minimum 50 millionar kroner kvart av dei neste 3 åra for å ruste opp bygningsmassen til forskriftsmessig standard.

Tilstandsanalysen frå Statsbygg omfattar ikkje vedlikehaldsstandarden for parkanlegg, vegar og plassar. Ein samla plan for ekstraordinære satsingstiltak må inkludere tiltak i parkanlegget for rehabilitering og vedlikehald av plante-samlingar, parkhistoriske element og oppgradering av vegar og plassar til dagens trafikkbelastning.

MILJØSPØRSMÅL

Ved UMB, er miljø eit av fleire hovudsatsingsområde. Det er svært viktig at samfunnet finn berekraftige løysingar på problem som negative miljøeffektar frå dagens samfunn skapar. UMB har stor miljøfaglig kompetanse, og den skal vi nytte til å hjelpe samfunnet med konkrete problemløysingar innanfor våre verksemdsområde.

UMB er miljøsertifisert etter NS-EN ISO 14001, og verksemda ved institusjonen skal vere miljøvennleg. Dette skal visast og dokumenterast i forskning, undervis-

ning og drift. Miljøprofilen ved UMB skal vere eit førebilete for andre universitet og høøgskolar.

Den gode trenden med positive resultat på den driftsmessige miljøprestasjonen heldt fram i 2005.


I tillegg er arbeidet med å prosjektere rehabilitering av UMBs bygningsmasse sett i gang. Her har det vore lagt stor vekt på å markere UMBs miljøprofil gjennom å velje best moglege løysningar for miljøet. I desember 2005 vedtok Universitetsstyret at "Universitetet skal bruke miljøvennleg

kretslaupsteknologi ved modernisering og rehabilitering av bygningar og anlegg."

UMB har i lengre tid arbeidd med å betre statusen på beredskapsarbeidet. Som ei følge av dette vart det utarbeidet ein omfattande beredskapsplan som styret godkjende hausten 2005. Planen omfattar også handlingsplan for implementering. Gjennomføringa vil vere ein vesentlig del av beredskapsarbeidet i 2006. I tillegg vil UMB arbeide aktivt med førebyggjande sikkerhetsarbeid og brannverntiltak.



FOTO: IHAKON SPARRE





REKNESKAP 2005

Årsrekneskap for 2005 er utarbeidd i medhald av rekneskapslova, men tilpassa instruksar og retningsliner frå Kunnskapsdepartementet (KD).

Årsrekneskapen beskriv drifta i 2005 og status pr. 31.12.05 på ein korrekt måte. Det knyter seg ikkje spesielle usikre moment til regnskapet. Det er heller ikkje oppstått vesentlege forhold som betyr noko for universitetets økonomiske stilling etter at rekneskapen for 2005 vart avslutta.



FOTO: IHÅKON SPARRE

Målet for UMB er å nytte dei midlane som KD årleg stiller til disposisjon slik at vi gjennomfører oppgåvene institusjonen er tildelt. Sett i høve til dette er det sett av 11,7 mill. kroner av årets tildeling frå KD for å møte forplikingar i framtida. Midlane knyter seg i stor grad til sal av eigedom i Ås sentrum (10,5 mill. kroner), og skal nyttas til vedlikehaldstiltak på campus i 2006. Veksten i avsetning av ubrukte midlar over løvingsfinansiert verksemd (BFV) flata ut i 2005. Universitetsstyret har sett i verk tiltak som vil redusere avsetningane i 2006.

UMB mottek også tilskot frå Noregs forskingsråd til finansiering av forskingsprogram og -prosjekt. I 2005 er det inntektsført tilskot på 129,8 millionar kroner. Tildelingane frå Noregs forskingsråd var mindre enn i 2004. Ved utgangen av 2005 er det sett av Forskringsrådsmidlar for 63,6 mill. kroner.

Når det gjeld den eksternfinansierte verksemda opplevde UMB i 2005 totalt sett ein nedgang i omsetninga frå 115,7 mill. kroner til 101,6 mill. kroner. Isolert sett auka samtidig omsetninga overfor privat næringsliv noko. Dette visar seg ved at resultatgraden auka frå 1 % til 3,1 %.

LIKVIDITET

Ved årets slutt hadde UMB i overkant av 352 mill. kroner i omløpsmidlar. Av dette var 298 mill. kroner likvide midlar plasserte i Statens konsernkontoordning.

ÅRSRESULTAT 2005

RESULTAT (BELØP I NOK 1000)			
	NOTE	2005	2004
1. TILSKOT	1,16		
TILSKOT FRA KD OG ANDRE DEPARTEMENT		476.215	451.863
TILSKOT FRÅ NOREGS FORSKNINGSRÅD		129.829	139.602
2. DRIFTSINTEKSTER	1		
INNTTEKT FRÅ OPPDRAGSVERKSEMD		101.554	115.712
SAL AV EIGEDOM, UTSTYR OG LIKNANDE		16.089	2.701
ANDRE INNTEKTER		32.608	39.845
SUM TILSKOT OG DRIFTSINTEKTER		756.295	749.723
3. DRIFTSKOSTNADER			
LØNSKOSTNADER	2	(443.623)	(429.074)
INVESTERINGAR	3	(23.507)	(29.080)
ANDRE DRIFTSKOSTNADER	4	(247.614)	(246.054)
SUM DRIFTSKOSTNADER		(714.744)	(704.207)
4. DRIFTSRESULTAT FØR AVREKNING AV LØYVINGSFINANSIERT VERKSEMD		41.551	(45.516)
NETTO AVREKNING AV LØYVINGSFINANSIERT VERKSEMD	16	(36.065)	(49.587)
5. DRIFTSRESULTAT ETTER AVREKNING AV LØYVINGSFINANSIERT VERKSEMD		5.486	(4.071)
6. FINANSIELLE POSTAR	5	25	(29)
7. ORDINÆRT RESULTAT		5.511	(4.099)
8. EKSTRAORDINÆRE POSTAR	6		
EKSTRAORDINÆR INNTTEKT		2.781	5.250
EKSTRAORDINÆR KOSTNAD		(5.113)	0
SUM EKSTRAORDINÆRE POSTAR		(2.333)	5.250
9. RESULTAT FRÅ ÅRETS VERKSEMD		3.178	1.151
10. RESULTAT LØYVINGSFINANSIERT VERKSEMD BELASTA VERKSEMDSKAPITAL			
ANNAN VERKSEMDSKAPITAL		-	-
11. RESULTAT FRÅ EKSTERNT FINANSIERT VERKSEMD		3.178	1.151
12. DISPONERING AV RESULTAT FRÅ EKSTERN FINANSIERT VERKSEMD			
TIL ANNAN VERKSEMDSKAPITAL	17	3.178	1.151
SUM FORDELT		3.178	1.151

BALANSE (BELØP I NOK 1000)			
	NOTE	2005	2004
EIGEDELAR			
A ANLEGGSMIDLAR			
III FINANSIELLE ANLEGGSMIDLAR			
INVESTERING I AKSJAR OG PARTAR	7	8.277	17.277
B OMLØPSMIDLAR			
I VARER	8	2.252	2.378
II FORDRINGAR			
KUNDEFORDRINGAR	9	34.824	24.455
PROSJEKTFORDRINGAR	10	6.612	7.525
ANDRE FORDRINGAR	11	1.360	8.034
III INVESTERINGAR			
IV BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE	12	298.942	251.828
SUM EIGEDELAR		352.267	311.496
VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD			
C INNSKOTEN VERKSEMDSKAPITAL			
AKSJAR FINANSIERT OVER STATSREKNESKAPEN	7	6.340	15.340
SUM INNSKOTEN VERKSEMDSKAPITAL		6.340	15.340
D OPPTENT VERKSEMDSKAPITAL			
I BUNDEN VERKSEMDSKAPITAL	18	1.925	1.925
II OPPTENT VERKSEMDSKAPITAL	17	5.701	2.523
SUM OPPTENT VERKSEMDSKAPITAL		7.626	4.448
E GJELD			
I AVSETNING FOR FORPLIKTINGAR	16	167.391	131.326
II KORTSIKTIG GJELD			
LEVERANDØRGJELD	13	37.527	21.748
SKULDIGE SKATTETREKK		15.110	16.405
ANDRE SKULDIGE OFFENTLEGE TREKK		679	1.923
SKULDIGE OFFENTLEGE AVGIFTER	14	16.237	16.699
AVSETTE FERIEPENGAR		35.169	34.017
PROSJEKTGJELD	10	52.756	52.288
ANNAN KORTSIKTIG GJELD	15	13.433	17.305
SUM GJELD		338.301	291.708
SUM VERKSEMDSKAPITAL OG GJELD		352.267	311.496

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING – TILPASSA MODELL (BELØP I NOK 1000)

	2005	2004
KONTANTSTRAUMAR FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR		
DRIFTSRESULTAT ETTER AVREKNING AV LØYVINGSFINANSIERT VERKSEMD	5.486	(4.071)
KOSTNADSFØRING AV DRIFTSMIDDEL	23.507	29.080
ENDRING I VARELAGER	126	(610)
ENDRING I FORDRINGAR	(3.695)	(7.897)
ENDRING I PROSJEKTFORDRINGAR/-GJELD	1.380	271
ENDRING I LEVERANDØRGJELD	15.779	3.439
ENDRING I ANNAN KORTSIKTIG GJELD	(1.830)	9.756
ENDRING I ANDRE TIDSAVGRENSA POSTAR	(3.889)	4.811
(A) NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ OPERASJONELLE AKTIVITETAR	36.863	34.777
KONTANTSTRAUMAR FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR		
INVESTERING I AKSJAR	-	200
KOSTNADSFØRING AV DRIFTSMIDDEL	23.507	29.080
(B) NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR	23.507	29.280
KONTANTSTRAUMAR FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR		
ENDRING I AVSETT DEL AV LØYVINGSFINANSIERT VERKSEMD	36.065	49.587
NETTO FINANSINNTEKT/(-KOSTNAD)	25	(29)
(C) NETTO KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR	36.090	49.558
KONTANTSTRAUMAR FRÅ ANDRE ENDRINGAR		
SUM EKSTRAORDINÆRE POSTAR	(2.333)	5.250
(D) NETTO KONTANTSTRAUM ANDRE ENDRINGAR	(2.333)	(5.250)
(E) NETTO ENDRING I BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE (A-B+/-C+/-D)	47.114	60.306
(F) BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE MIDLAR VED STARTEN AV PERIODEN	251.828	191.522
BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE MIDLAR VED SLUTTEN AV PERIODEN (F+/-E)	298.942	251.828
SPESIFIKASJON AV KONTANTE MIDEL VED PERIODENS SLUTT	298.942	251.828

NOTAR

NOTE 1 SPESIFIKASJON AV TILSKOT OG DRIFTSINTEKTER		
	2005	2004
ÅRETS TILSKOT FRÅ KD	475.528	451.070
ÅRETS TILSKOT FRÅ ANDRE DEPARTEMENT OG STATLEGE ETATAR	687	793
ÅRETS TILSKOT FRÅ KD, ANDRE DEPARTEMENT OG STATLEGE ETATAR	476.215	451.863
ÅRETS TILSKOT FRÅ NOREGS FORSKINGSRÅD	129.829	139.602
INNETEKT FRÅ OPPDRAGSVERKSEMD:		
STATLEGE ETATAR ¹⁾	37.862	53.118
KOMMUNALE ETATAR	258	2.720
NÆRINGS LIV/PRIVATE OPPDRAGSGJERVARAR	40.763	36.879
STIFTINGAR	5.715	6.473
EU	4.914	4.463
ANDRE UTANLANDSKE OPPDRAGSGJERVARAR	12.042	12.059
SUM INNETEKTER FRÅ OPPDRAGSVERKSEMD	101.554	115.712
¹⁾ Nedgangen i inntekter frå statlege oppdragsgjeverar skuldast mellom anna reduksjon i oppdragsmengda frå Norad.		
SAL AV EIGEDOM, UTSTYR OG LIKNANDE		
SAL AV EIGEDOM ¹⁾	15.852	2.676
SAL AV UTSTYR	236	25
SUM SAL AV EIGEDOM, UTSTYR OG LIKNANDE	16.089	2.701
¹⁾ Universitetet for miljø- og biovitenskap har fullmakt til å disponere sal av eigedom til kjøp, vedlikehald og bygging av lokale til undervisnings- og forskingsformål, jf. Budsjetttinnst. S. nr. 12 (2004-2005) vedtak II. Dei store salsinntektene skuldast realisasjon av eigedom i Ås sentrum (10 mill. kroner) og eit større område regulert for bustadføre mål (5,2 mill. kroner).		
ANDRE INNETEKTER		
LANDBRUKSPRODUKT	5.713	6.216
LEIGEINNETEKTER	5.851	5.278
KURSAVGIFTER FRÅ ETTER- OG VIDAREUTDANNING	6.790	7.024
ØVRIGE ANDRE INNETEKTER ¹⁾	14.254	21.327
SUM ANDRE INNETEKTER	32.608	39.845
¹⁾ Andre inntekter er redusert som følge av endringar i periodiseringar.		
SUM TILSKOT OG DRIFTSINNETEKTER	756.295	749.723

NOTE 2 LØNSKOSTNADER, TALET PÅ TILSETTE MM.

	2005	2004
LØNNINGAR	(314.311)	(303.663)
FERIEPENGAR	(38.170)	(36.638)
ARBEIDSGJEVARAVGIFT	(53.870)	(51.946)
PENSJONSKOSTNADER	(38.198)	(37.241)
SJUKEFRÅVÆRET OG ANDRE REFUSJONAR ¹⁾	14.138	15.299
ANDRE YTINGAR	(13.212)	(14.886)
SUM LØNSKOSTNADER	(443.623)	(429.074)
GJENNOMSNITTLEG TAL ÅRSVERK I LØPET AV REKNESKAPSÅRET	888	870

¹⁾ Sjukefråværet vart redusert frå 4,4 % i 2004 til 3,6 % i 2005. I tillegg kjem ein reduksjon i refusjonar knytt til arbeidsmarknadstiltak og lærlingar.

NOTE 3 NYKJØP, PÅKOSTNADER OG VEDLIKEHALD AV DRIFTSMIDDEL

Som følge av rekneskapsreglane innanfor universitets- og høgskolesektoren vert alle investeringar og påkostnader kostnadsførte direkte. Nykjøp med kostpris høgare enn kr 30.000, og med ei levetid utover 3 år er å rekne som investeringar. Vedlikehald vert kostnadsført ved gjennomføring.

REKNESKAPSPOSTEN BESTÅR AV NYKJØP OG PÅKOSTNADER TIL	2005	2004
VITSKAPLEG UTSTYR ¹⁾	(11.097)	(16.718)
ANNA UTSTYR OG INVENTAR	(12.410)	(12.362)
SUM NYKJØP OG PÅKOSTNADER AV DRIFTSMIDDEL	(23.507)	(29.080)

¹⁾ Reduksjonen i kjøp av vitenskapleg utstyr skuldast fullt ut mindre tildelingar av utstyrmidlar frå Noregs forskingsråd.

NOTE 4 ANDRE DRIFTSKOSTNADER

	2005	2004
ANDRE DRIFTSKOSTNADER OMFATTAR:		
HUSLEIGE	(1.351)	(2.283)
VEDLIKEHALD AV EIGNE BYGG OG ANLEGG ¹⁾	(22.890)	(30.092)
ANDRE KOSTNADER TIL DRIFT AV EIGEDOM OG BYGNINGAR ²⁾	(46.498)	(43.249)
MINDRE NYKJØP AV UTSTYR	(45.813)	(43.249)
KONSULENTTENESTER OG ANDRE KJØP AV FRAMANDYTINGAR ³⁾	(70.904)	(57.807)
KOSTNADER TIL TELE OG DATA (IKKJE NYKJØP AV UTSTYR) ⁴⁾	(28.862)	(28.555)
REISER OG DIETT	(3.488)	(4.339)
ANDRE KONTORKOSTNADER	(10.755)	(9.653)
ØVRIGE DRIFTSKOSTNADER ⁵⁾	(17.052)	(31.624)
SUM ANDRE DRIFTSKOSTNADER	(247.614)	(246.054)

¹⁾ Reduksjonen skuldast noko mindre utbetalingar til Statsbygg i 2005 enn 2004, og ei endring i profil på vedlikehaldsoppgåvene jf. noteforklaring 2).

²⁾ Auken skuldast ei ugunstig utvikling av energiforbruk, kombinert med auka prisar. I tillegg kjem ein auke i lettare vedlikehald av bygg og anlegg.

³⁾ Auken knyter seg mellom anna til profileringsarbeid i samband med UMBs universitetsstatus (4,4 mill. kroner), i tillegg til ein generell auke i kjøp av framandytingar.

⁴⁾ Reduksjonen skuldast i hovudsak mindre teleutgifter som følge av overgang til IP-telefoni.

⁵⁾ Reduksjonen skuldast i hovudsak innperiodiserte kostnader. I tillegg var det i 2004 høge utgifter til toll og avgifter knytte til utstyrskjøp.

NOTE 5 FINANSIELLE POSTAR		
	2005	2004
FINANSINTEKTER		
RENTEINTEKT	-	-
MOTTEKE UTBYTTE FRÅ EIGENFINANSIERTE AKSJAR	-	-
ANDRE FINANSINTEKTER (AGIO)	178	160
SUM FINANSINTEKTER	178	160
FINANSKOSTNADER		
RENTEKOSTNAD	(81)	(59)
ANDRE FINANSKOSTNADER (AGIO)	(72)	(130)
SUM FINANSKOSTNADER	(153)	(189)
SUM FINANSIELLE POSTAR	25	(29)

NOTE 6 EKSTRAORDINÆRE POSTAR		
	2005	2004
EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER		
EKSTRAORDINÆR INNTEKT SOM FØLGJE AV ENDRING I REKNESKAPSPRINSIPP ¹⁾	2.781	5.250
SUM EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER	2.781	5.250
EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER		
KORRIGERING AV AVSETT ARBEIDSGJEVARAVGIFT	145	-
OVERTAKING AV VERKSEMADA VED SENTER FOR FØRTEKNOLOGI AS (FORTEK)	(5.259)	-
SUM EKSTRAORDINÆRE KOSTNADER	(5.113)	-
SUM EKSTRAORDINÆRE POSTAR	(2.333)	5.250

¹⁾ DEN EKSTRAORDINÆRE INNTEKTA KNYTER SEG TIL MINDRE KOSTNADER I SAMBAND MED DEN EKSTERNFINANSIERTE VERKSEMADA I TIDLIGARE ÅR, KNYTT TIL OPPGJERET AV STATSREKNESKAPEN. PÅ BAKGRUNN AV TILRÅDINGAR FRÅ RIKSREVISJONE OG UMBS SVAR, VERT POSTEN TEKEN TIL INNTEKT I ÅR.

NOTE 7 INVESTERINGAR I AKSJAR OG SELSKAPSPARTAR, LEIGEBUARINNSKOT

Aksjar, selskapspartar og leigebuarinnskot kjøpte før 31.12.2002 er ført opp etter kostmetoden, men med ein tilsvarande motpost slik at netto balanseført verdi blir null. Investeringar (eigenfinansierte) i aksjar m.v. gjorde etter 31.12.2002 er rekneskapsførte etter kostmetoden.

	FORRETNINGS- KONTOR	EIGARANDEL	STEMME-ANDEL	BRUTTO BALAN- SEFØRT VERDI
AKSJAR INKLUDERT I STATENS KAPITALREKNESKAP				
SEM GJESTEGÅRD AS	ASKER	100,0 %	100,0 %	3.000
INSTITUTT FOR AKVAKULTURFORSKNING AS (AKVAFORSK)	Ås	34,1 %	34,1 %	2.900
INSTRUMENTTJENESTEN AS (ITAS)	Ås	35,0 %	35,0 %	350
GRAMINOR AS	HAMAR	0,8 %	0,8 %	90
SUM				6.340
ANNA				
LÅNEINNSKOT HONNINGCENTRALEN				8
PART PRIOR NORGE A/S				4
SUM				12
AKSJAR FINANSIERT VED VERKSEMDSKAPITAL EFV				
BIOPARKEN AS ¹⁾	Ås	19,4 %	19,4 %	1.925
SUM				1.925
BALANSEFØRT VERDI 31.12.				8.277

¹⁾ Aksjane i Bioparken AS er samansette av 600 aksjar (1,500 mill kroner) finansiert ved verksemdskapital og 90 aksjar (0,225 mill kroner) finansiert over statsrekneskapen. Etter råd frå Undervisnings- og forskningsdepartementet (Kunnskapsdepartementet) er desse aksjane ført med finansiering over verksemdskapital (Brev av 23. juli 2004). I tillegg er UMBs part i Biopolis BA (0,2 mill. kroner) skoten inn i Bioparken AS som ledd i ei kapitalutviding.

Senter for førteknologi AS vart avvika i 2005. Som ein konsekvens av dette er aksjane i selskapet (bokført verdi 9,0 mill. kroner) ført ut av rekneskapen mot balanseposten "Aksjar finansiert over statsrekneskapen". Dette har ingen resultatmessig effekt. Verksemda er vidareført ved UMB jf. note 6.

Heileigde Sem gjestegård AS driv hotell- og konferanseverksemd i Asker. Selskapet hadde i 2005 ei omsetning på 17,7 mill. kroner, og eit årsresultat på -0,5 mill. kroner.

NOTE 8 VARER

Varelager er vurdert til lågaste av kjøpskostnad og verkeleg verdi. Varelager knyter seg til innsatsfaktorar i samband med forskings- og undervisningsverksemda ved UMB. Det eksisterer ikkje lager av vesentleg kvantum med tanke på vidareasal.

	2005	2004
OLJE OG DIESEL	1.112	1.222
KUNSTGJØDSEL, FØR ETC.	1.141	1.156
SUM KJØPSKOSTNAD	2.252	2.378
VARELAGER VURDERT TIL KJØPSKOSTNAD	2.252	2.378
VARELAGER VURDERT TIL VERKELEG VERDI	2.252	2.378
SUM UKURANS	-	-
SUM BALANSEFØRTE VARER	2.252	2.378

NOTE 9 KUNDEFORDRINGAR

	2005	2004
KUNDEFORDRINGAR TIL PÅLYDANDE ¹⁾	34.874	24.455
AVSETT TIL LATENT TAP ²⁾	(50)	-
SUM KUNDEFORDRINGAR	34.824	24.455
KOSTNADSFØRTE TAP UTGJER	67	458

